

Bergens Tidende
Marius Åmbakk Bjørkedal

Dykkar ref.:

Vår ref.:
23/11 - 74 / KTJ

Dato:
19.07.2023

Vidare svar på innsynskrav - deponi Leirvågskrysset

God onsdag!

Du har sendt ulike innsynskrav til Austrheim kommune:

- Tysdag 4. juli: Innsyn i «... alle dokument som gjeld deponi av borekaks ved Leirvågskrysset, der Odd Haugen er entreprenør».
- Onsdag 5. juli: Innsyn i «... all kommunikasjon mellom kommunen ... og Odd Haugen ... som gjeld deponiet i Leirvågskrysset».
- Torsdag 13. juli: Innsyn i «... alle saker som gjeld gards/bruksnummer 130/151, 128/111, 130/150 og 130/11».
- Tysdag 18. juli: Presisering av ønske om innsyn i kommunikasjon.

Dette er svara ut med ulike brev frå kommunen:

- Onsdag 5. juli: Brev frå ordførar Per Lerøy, der det mellom anna er presisert at ordførar ikkje har kommunisert skriftleg (inkludert SMS) med Haugen om dei aktuelle massene.
- Torsdag 6. juli: Brev frå ordførar Per Lerøy, med mellom anna opplysningar om kva selskap som har reinsa borekaks på Mongstad.
- Fredag 14. juli: To brev frå Kristin Nesbø/Servicekontoret om saker knytt til gards- og bruksnummer 130/151, 128/111, 130/150 og 130/11 (to brev for å få filene gjennom som e-post).
- Onsdag 19. juli: Brev frå ordførar Per Lerøy, med tittel «SV: Svar på innsynskrav».
- Onsdag 19. juli: Brevet du har i hende.

Du spør i brevet 18. juli om svara du har fått inneber eit avslag på innsynskravet, eller om du har fått det som er journalført.

Du har fått tilsendt den dokumentasjon me har i arkivet på dei sakene og gards- og bruksnummera du har spurt om. Du har altså ikkje fått avslag på innsynskravet ditt.

Når det gjeld løyvet til bakkeplanering så finn du denne saka med dokumentasjon på heimesida til Austrheim kommune. Bakkeplaneringa er ikkje på dei gards- og bruksnummera du har spurt om, så det har du ikkje fått tilsendt før. Arkivsaka om dette heiter «Bakkeplanering/jordpåfylling - gbnr 156/12,17,82 og gbnr 156/4», og du finn den på denne lekkja: [Arkivsak 22/1301 - Bakkeplanering/jordpåfylling - gbnr 156/12,17,82 og gbnr 156/4 - Austrheim kommune \(sing.no\)](#).



I den første journalposten i den saka, 22/9890 - Høyring - søknad om bakkeplanering/jordpåfylling på gbnr 156/12,17,82 og 156/4 i Austrheim, ser eg at det er ein feil i ein bilettekst.

Der det står «Figur 1 Storemyra næringsområde Mongstad - der massane skal køyrast frå» er illustrasjonen ikkje frå Storemyra næringsområde på Mongstad, men frå Leirvågskrysset. Dette arealet er knytt til det som står vidare i det aktuelle brevet: «Massane skal i hovudsak koma frå Storemyra på Mongstad (regulert til næring), men noko leirmorene frå Leirvik». (Her er det nok meint Leirvåg).

Storemyra næringsområde på Mongstad ligg elles nord for forsyningsbasen på Mongstad sør, langs vegstrekket som går nordover til testsenteret for fangst og lagring av CO2, og raffineriet.

Med helsing
Ketil Tjore
Servicekontoret

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Asbjørn Nagell Toft
Bjørnar Fjellhaug
Per Lerøy

Mottakere:

Bergens Tidende